

Innspel til Temaplan for breiband og digitalisering 2023-2029

Oppsummering

Innspel

Organisasjon	Fylkeseldrerådet
Namn	Hans Inge Gloppen
E-post	hans.inge.gloppen@vlfk.no

Andre innspel

Fylkeseldrerådet ser positiv på ein god plan for å sikre mobilitet og digitale tenester som saman kan utvikle eit inkluderande og aldersvenleg samfunn. Alt må universelt utformast.

Det er viktig med ei raskast mogleg utbygging av digital infrastruktur i heile fylket.

Fylkeseldrerådet meiner digital inkludering og digihjelp er viktig. Deler av befolkninga har i fylgje planen, liten eller er utan digital kompetanse. Kommunar og offentlege etatar må gje eit godt nok hjelpetilbod til brukarar som treng digital hjelp.

Fylkeseldrerådet opplever no at digital heimoppfølging vert raskt utvikla. Dette er eit viktig tiltak sett i eit folkehelseperspektiv. Leve heile livet legg opp til at dei eldre skal bu i eigen bustad heile livet.

For at tenestene skal bli sikre og gode er det nødvendig med eit godt og stabilt nett. Svikt kan i enkelte høve vere livstruande.

Fylkeseldrerådet ønskjer ei rask utbygging av infrastruktur i heile Vestland fylke.